

Reglement for tilskot til kulturføremål 2016 - 19

1 Generelt

1. Godkjenning av ein organisasjon for tilskot er minimum 15 betalande medlemmar.
2. Enkeltpersonar og organisasjonar skal dokumentere det kulturelle innhaldet i søknaden.
3. Tiltak i regi av kyrkjelege organ, eller andre trussamfunn som mottek tilskot frå Luster kommune, er å rekna som finansierte gjennom den rammeoverføringa.
4. Brot på føresetnad om rusfrie arrangement i private eller offentlege forsamlingshus kan medføra heilt eller delvis tilbaketrekking av kommunalt tilskot.
5. Alle krav til dokumentasjonar skal føreliggja saman med søknaden innan oppgjeven søknadsfrist. Luster kommune handsamar berre søknader frå hovudlag, ikkje særgrupper.
6. Der andre offentlege organ er inne og støttar same tiltaket, kan det samla offentlege tilskotet ikkje overstige 2/3 av kostnaden.
7. Organisasjonar som har medlemmer i fleire kommunar kan få stønad etter dette reglementet for medlemmer busette i Luster Kommune.
8. Det vert gjort unnatak for søndagsskular og barnelag utan medlemskontingent. Barnelag skal jamstillast med søndagsskule. Barnelag er definert som aktivitetslag for barn inntil 18 år. Fast tilskot 5-20 born på kr 1500 og over 21 born kr 2000.

2 Grunnstønad

1. Grunnstønad vert utbetalt til lag og organisasjonar som dokumenterer aktivitet for born og ungdom under 20 år.
2. Søkaren skal dokumentere talet på betalande medlemmar. Medlemskontingent skal vera minst kr 150, frå 2017 auka til kr 200, eller familiekontingent på minst kr 450 som frå 2017 vert auka til kr 600.
3. Ordinær grunnstønad: kr 200 pr betalande medlem under 20 år.
4. Tilskot til instrumentkjøp til lag og organisasjonar inntil 2/3 av kostnadsoverslag.

3 Tilskot til spesielle tiltak

1. Søknader om tilskot til spesielle tiltak utanom ordinær aktivitet kan søkast på heile året. Søkaren skal presentere det som skil tiltaket frå den ordinære aktiviteten og med ein finansieringsplan som sikrar gjennomføring med maks 1/3 kommunalt tilskot, eller maks 2/3 offentlege tilskot. Det skal kunna stillast krav om ein utviklingsplan for tiltaket ved 2. gg. søknad, jf. pkt. 7.2: Tilskot til lokale arrangement.

2. Tilskot til jubileumsarrangement vert avgrensa til kvart 25. år, og storleiken på tilskotet skal vurderast ut i frå tal medlemar og breidde på aktiviteten.
3. Spesielle einskildprestasjonar innanfor reglementet sitt føremål kan etter søknad honorerast med inntil kr 10.000

4 Refusjonsgrunnlaget for drift av anlegg til kulturføremål

Anlegg som kan godkjennast for refusjon for driftsutgifter må vera registrerte i «Anleggsregisteret» i den kommunale planen som anlegget sorterer under, Private forsamlingshus i Kommunal plan for lokale kulturhus osv. Refusjon for drift og vedlikehaldskostnader av anlegg for idrett, leik og aktivitetar for born og ungdom er inntil 50 % av godkjent grunnlag. Søkjarar som søker refusjon for husleige (basert på marknadsmessig leigenivå) for aktivitet i lokale kommunen ikkje kan tilby, kan få inntil 50 % refusjon.

Driftsutgifter som vert godkjende kan kategoriserast såleis:

1. Forsikring, straum, avgifter (renovasjon, vatn og kloakk).
2. Eigargar av anlegg som vert nytta av skular og barnehagar vert gitt eit driftstilskot på kr 10.000. Føresetnaden for dette driftstilskotet er ein underskriven bruksavtale.
3. Drivstoff og anna materiell som er nødvendig for utøving av kulturaktivitet.
4. Reinholdsmidlar (her inkl. golvlakk og bonevoks), lyspære og driftsmidlar på idrettsanlegg som t.d. gjødsel.
5. Nødvendig vedlikehald av anlegg, t.d. reperasjon / ombygging, inntil kr 75.000.
6. Bygningar som søker tilskot etter dette reglementet kan ikkje nyttast til næringsverksemd.

5 Tilskot til nærmiljøtiltak

Nærmiljøtiltak kan søke om kommunal medverknad innan oppgitt søknadsfrist. Maksimalt kommunalt tilskot er 50% av godkjent kostnadsoverslag, utbetalt etter revidert rekneskap, eller framlagt rapport med kvitteringar. Vedlikehald av private forsamlingshus og private idrettsanlegg vert handsama som nærmiljøtiltak etter dei vilkår nemnt under refusjonsgrunnlaget for drift av anlegg til kulturføremål. Nærmiljøanlegg som det vert søkt om driftstilskot til, skal vera innarbeida i anleggsregisteret (jf. Kommunal plan), og vert handsama etter reglementet omtala under punkt 4.

6 Tilskot til vedlikehald av anlegg til kulturføremål

Planar for større vedlikehaldsprosjekt (dvs. utover kr 75.000) ved dei enkelte anlegga skal innarbeidast i den kommunale planen som anlegget sorterer under, og leggast til grunn for handsaminga av søknaden. Alle slike søknader skal fremjast før arbeidet tek til. Større vedlikehaldsprosjekt inngår som regel i ein vedlikehaldsplan for anlegget. Planen inneheld budsjett og kommentarar på utstyr og materiell som er nødvendig for å kunne gjennomføre

sjølve aktiviteten i / på anlegget. Ein vedlikehaldsplan for større vedlikehaldsprosjekt kan strekke seg over fleire år, men må presenterast ved 1. gangs søknad / innmelding til arbeidet med kommunal plan. Kommunen har utarbeidd ein rettleiar/mal til hjelp for utarbeiding av vedlikehaldsplan. Det er opna for politisk behandling av ikkje planlagde/akutte tiltak.

7 Andre tilskotsordningar

7.1 Tilskot til fritidsleing

Organisasjonar med opne fritidstilbod dvs. fritidstilbod utan krav om medlemskap, men med eit definert føremål, reglar for drifta og ein aktivitetsplan kan søka kommunen om eit tilskot til fritidsleing / dekking av honorar for personar som tek på seg eit definert leiaransvar. Søkaren har gjennom ein samarbeidsavtale arbeidsgjevar - ansvaret, medan kommunen står for utbetaling av honorar tilsvarande kr 150 pr. time.

7.2 Tilskot til lokale arrangement, marknadsføring og samarbeidsprosjekt

Alle tiltak skal søkast om på førehand. Tilskotsordninga er ein underskotsgaranti. Søkaren skal kunne argumentere med nyskaping og utprøving av nye idear, og arrangementa skal vera rekrutterande i høve til eit større geografisk område. Det skal kunne stillast krav om utarbeiding av ein utviklingsplan for tiltaket ved 2.gg .søknad. Det kommunale tilskotet vert avgrensa oppover til kr 30.000, og rapport med rekneskap for tiltaket skal liggja føre før overføring av tilskotet. Tilskotet vert gitt etter 1/3 - dels regelen. Servering inngår ikkje i tilskotsgrunnlaget.

7.3 Gåvepremiar

Gåvepremie til lokale og regionale arrangement kan prioriterast med mål om rekruttering av barn og unge.

7.4 Tilskot til friluftslivstiltak

I samsvar med kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2012 – 2023 kan kommunen delta med finansiering av tilrettelegging og drift / vedlikehald av tiltak som har som føremål å auke friluftslivsopplevingane for innbyggjarane i kommunen. Det kommunale tilskotet vert avgrensa oppover til kr 30.000. Søknader skal handsamast i samsvar med gjeldande kommunal plan, og fremjast på same søknads- skjema som for tilskot til kulturføremål. Tilskot vert gitt etter 1/3 - dels regelen.

7.5 Tilskot til kulturminnevern

I samsvar med kommunal plan for forvaltning av kulturminne skal kommunen prioritere tiltak som sikrar kvaliteten på den antikvariske delen, sikrar overføringsverdien til våre etterkomarar og gjer formidlinga av informasjonsverdien enklare. Tiltak av allmenn interesse skal prioriterast. For tiltak definerte som SMIL - prosjekt gjeld at kommunen kan delta ut frå ei antikvarisk prioritering (jf. prioritert handlingsplan i kommunal plan for forvaltning av kulturminne). Tilskot vert gitt etter 1/3 - dels regelen.

7.6 Tilskot til kulturvern

Kommunal plan for forvaltning av kulturminne tek til orde for ei satsing på kommunal informasjon og auka vektlegging på kunnskap og innsikt i kulturhistorie, sikring og formidling av den immaterielle kultursoga og ein dokumentasjon av foto, stadnamn, språk og dialekt, lokalt forskingsarbeid og samtidsdokumentasjon. I tillegg til det arbeidet kommunen sjølv står for kan interesserte partar også søke finansiering på enkelttiltak etter 1/3 - dels regelen.

7.7 Samarbeidsavtalar og kulturstipend

Føremålet med avtalane er å støtte ungdom som på ein framifrå måte vil kunne marknadsføre Luster Kommune nasjonalt, innanfor idrett og/eller andre kulturytringar. Samarbeidsavtalar og kulturstipend kan inngåast for maks 3 år til same person. Avtalane gjeld for 1 år om gongen. Maks støtte over 3 år er 60.000.

8 Rutinar for handsaming av søknader

Det er viktig for søkjarane å få attendemelding om feil i søknadsgrunnlaget, og formelle manglar ved søknaden. For å oppnå dette må søkjaren i god tid før søknadsfristen samle dei vedlegga som er utarbeida, og avtale tid med sakshandsamar for ein rutinemessig gjennomgang av søknaden, jf. "Generelt" - pkt.5. Tilskot til nærmiljøtiltak og drift og vedlikehald av anlegg til kulturføremål skal behandlast politisk. Saker som er kurante etter reglement og tidligare praksis kan avgjerast administrativt. Tilskot til gåvepremiar og grunnstønad er døme på saker som er regelstyrte og såleis definerte som kurante.

9 Økonomi og fristar

Kommunestyret vedtek den økonomiske ramma for tilskotsordningane i budsjett og økonomiplan. Tilskota vert lyste ut med søknadsfrist 1. mars årleg. Rapporteringsfrist for alle tilskot er 1. november. Tilskotsreglementet skal rullerast kvart fjerde år. Neste rullering skal avsluttast før 1. juni 2019.